

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Bjerkreim

Emne: Skav

Bygdelag: Nedre bygda

Oppskr. av: Jørgen Skjæveland

Gard: Heltland

(adresse): Vikeså

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Anna Skjæveland, Heltland i Bjerkreim, 76 år g.

SVAR

Skav.

1-2. Me kjenner ikkje til noko samnamn for før utanom højet, anna enn kraftfor som er samnamn for guse slag mjølslag.

3. Gjeringssordet å skava vert bygt slik ordrett: å skava - sjev'e - skov - hev skave.

4. Me kallar foret skav. For 40-50 år - og lenger sidan - skov folk mykje. Om hausten var dei sette på kor mange kyr dei kunne føda om vinteren, rekna dei alltid med at dei skulle skava mykje. No har det minka meir og meir av, men enno er det folk som skjov, serleg i strenge vintre med mykje snø, då sauene må fødest inne på vektevis - og få av højet kyrne skulle ha.

5. Raun (rogn) er rekna for å vera det beste skav-treet, det er au lettest å skava. Dei skov au mykje eik og litt osp av og til, aldri bartre.

6. Me kjenner ikkje til at tre er kalla skav e. l.

7. Heller ikkje kjenner me noko rim om skav.

8. Det var kyrne som fekk skav, geitene fekk kvistar. Dei fekk skavet for seg sjølv oppi til seg i båsen. Dårlegaste likte dei osjeskav.

9. Folk meinte at ein fekk meir mjølk av skav, rauneskavet gav så feit mjølk. Me kjenner ikkje til at visse hestlag gav usmak på mjølka. Det måtte i tilfelle vera av osje, men den vart lite nytta.

10. Dei drog til skogs eller hogg ned tre kring heimejordan og kjørde heim fulle sledelass med skovved, formålet var å skava det. Når dei laga konstaurar (= hestved) skov dei staurane.

11. Me seier dei gjekk etter skovved.

12. Vedem dei henta kallar me skovved.

13. Me kjenner ikkje til ordet å marka

14. Det var om vinteren dei skov når dei ikkje kjørde heim fjellhøy og torv frå myra. Noko sirt arbeid å henta skovved var det visseleg ikkje. Det var å henta eit lass eller to om dagen, og dei trøng ikkje gå så langt etter det, det meste henta dei i eller attmed innmarka. Så noko religiøs sermoni hev dei visseleg ikkje hatt.

15. I gamle dagar set dei inni stova og skov, no set dei i kjellaren eller helst i fjøset.

16. Dei brukte alltid ein evbrotten fjå og røyrdde ei filla kring "hjøet" til halda i.

17. Når dei skov staur og brandar la dei dei oppi sagetrakken, og så var det

gjerne ein unge som sat oppå og heldt han. Han som skov brukte ein heil gjä og heldt med bae hendene, ei hand i tjoet, ei i gjäodden. Var treet gammelt, måtte han fyrst skava av den grøne mosen. Some som ikkje var så redd for senga batt fast i senga brukte senga til skavhædd, andre sette opp ein staur dei sette batt fast i sengekanten. Men det krefte au at det var dei som sette stauren i ein krakk og festa andre enden av stauren oppi røda (= lemnen, taket). Treskruver og klufftegreiner kjenner me ikkje til her. - Elles viser me til svar nr. 19.

18. Skavhædden er det gjamakken kvilte mot under arbeidet, t. d. sengekryma, stolpe festa til senga, eller i golvet og taket, stolpe i lóa, baskant i fjøset. (Bøjest: ein skavhædd - skavhædden - skavhædda - skavhæddane).

19. Her kjem ei ^{avskrift av ei} folkeliivskildring frå Delane i Rogaland i 1880-åra, ho høver godt her:

„Lå var det ein dag det tok på med eit felt rennefok, berre så det gylte og kvein om husa. Dei hadde kjørt heim nokre lass skovved, raun og eik. Fladvar hogg riset og greinene opp i al-lengde, fang etter fang og bar det inn i stova. Inne i stova sat Torgrim attmed kryma av storasenga og skov borken av pinnane og braut sund riset. Med hógre handa heldt han ein gjä i tjoet, kring tjoet hadde han sveipt ei sekke-filla, odden

4

av gjæen heldt han innåt sengekanten, med vinstre handa drog han skov-veden under gjægget og skov borken av. Han hadde så lenge skave der år etter år at det var ei djup reva i sengehyrna etter gnaget av gjænakken. Han brukte senga til "skavhædd" som det heitte. Dei avskavne "spregje" var sers god elding. (= bransel). Ute i kjøkken hadde dei segekrakken ståande, oppi den la dei staur og brand og skov borken av. Dei fekk plass når døra mellom gangen og kjøkkenet stod oppe. - Dei avskavne brandene vart til konstaur, gjerdepåler og ved. Så gav dei kyrne skavet, og då åt dei som det skulle vere grønt gras. "Dei smøra så godt av ravnelork," sa dei gamle. ---
--- Hvít som ein snømann med dinglande isjüklar i skjegget steig Torgrim inn til dei på Bilstad. Salve sat au ved sengehyrna og skov. "Goddag! Dú skjewe dú dú au? Ënn den vinteren---" "

20. Det me skjev av kallar me "noge skav". (Dette er stoffnamn liksom ordet "mjölk" og kan ikkje böjast i fleirtal.)

21. Me kallar borken berre "borken", ei avskava flis vert nemnd som: eit einaste skav (det vert då böjdd slik: Eit skav - det skava - fleire skav - dei skava), ei skavspöna (-spöna - spönö - spöne - spönene)

22. Dei skov både strattar (=kjeppar) og brandar (=hestammer) og braut riset og vdei tunne greinene sund med nevene eller skar dei tvers av med gjæen ca 10-20 cm. l.

Nr. 23. Kjøppane dei hadde skave kallar
me spreg. (Det højest: et spreg - spregje
spreg - spregje.) Dei var ca. 1/2 m. lange
og måtte hoggast i 2-3 deler etter dei var
skavne når dei skulle brukast til ved.

Dei kalltest spreg anten dei var tünne
eller tjukke som samnamn, men av og
til stratta (ein stratte) når dei var noko
tjukke.

24. Når dei skov skulle det fylgja med
noko av vedem. Det var vel for at det
skulle metta meir. Men kyrne likte best
det mjuke skavet som ikkje var ved
med. Difor er det rimeleg at kyrne gjorde
skil på skav etter som mannen skov,
anten han gjorde seg for etter og skov
fint eller berre grasste i veg og tok
med kvist og ved.

25. Spregje nytta dei til ved, gjerne under
bakstehella. Dei tjukkaste stökkane
kløyvde dei i to endelengst til to gjerde-
palar, ^{hinnare staurar} andre brukte dei til konstaur.

26. For 20-30 år sidan minke det av
med skavinga. No vert det berre skave
litt på tungvinte fjellgarder, eller etter
dårlege høvavl og i harde snøvinterar.